

## Forslag til lovtekst

I lov 11. juni 1993 nr. 100 om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) foreslås følgende endringer:

§ 7a skal lyde:

§ 7a. (Tilbakeholdsrett)

Reisende med transportmiddel som reguleres etter loven her, som i kontroll ikke kan framvise gyldig billett, og som ikke på stedet betaler slik tilleggsavgift som departementet har godkjent med hjemmel i § 7 første ledd, kan holdes tilbake *av transportselskapets billettkontrollører eller innleide kontrollører som utfører kontroll på vegne av transportselskapet. For å kunne utøve tilbakeholdsrett etter denne bestemmelsen må innleide kontrollører være ansatt i vaktelskap med tillatelse til å utøve vaktvirksomhet etter lov av 5. januar 2001 nr. 1 om vaktvirksomhet (vaktvirksomhetsloven) § 3 og ha gjennomført godkjent utdanning for vektere etter vaktvirksomhetsloven § 9. Tilbakeholdsretten gjelder så lenge den reisende ikke gir tilstrekkelige opplysninger om navn, adresse og fødselsdato. Tilbakeholdsretten gjelder også mens de gitte opplysninger verifiseres.*

Retten til å holde tilbake personer etter første ledd gjelder bare når slik rett er godkjent av departementet som del av selskapets transportvilkår. *Departementet kan trekke tilbake godkjenningen hvis ansatte eller innleide billettkontrollører utøver tilbakeholdsrett i strid med denne loven.*

Tilbakehold kan ikke foretas dersom det etter forholdene ville innebære et uforholdsmessig inngrep.

Personer under 15 år bør ikke holdes tilbake.

\*\*\*

I lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) foreslås følgende endringer:

§ 33 skal lyde:

§ 33. Transportvedtekter

(1) Departementet kan i forskrift eller einskildvedtak gje reglar om transportvedtekter og om tilleggsavgift ved manglande gyldig billett i rutetransport.

(2) Reisande med rutetransport som går inn under lova her, som i kontroll ikkje kan framvise gyldig billett, og som ikkje på staden betaler den tilleggsavgifta som departementet har godkjend med heimel i første ledd, kan haldast tilbake av transportselskapet sine billettkontrollørar eller innleigde kontrollørar som utfører kontroll på vegne av transportselskapet. For å halde tilbake reisande etter fyrste setning må innleigde kontrollørar vere tilsette i vaktenskap med tillating til å utøve vaktverksemd etter lov av 5. januar 2001 nr. 1 om vaktvirksomhet (vaktvirksomhetsloven) § 3 og ha gjennomført godkjend utdanning for vektere etter vaktvirksomhetsloven § 9. Rett til å halde tilbake gjeld så lenge den reisande ikkje gjev tilstrekkelege opplysningar om namn, adresse og fødselsdato. Retten til å halde reisande tilbake gjeld òg mens dei opplysningane den reisande gjev vert stadfesta.

(3) Retten til å halde reisande tilbake etter andre ledd gjeld berre når retten er godkjend av departementet som del av selskapet sine transportvedtekter. Departementet kan trekke tilbake godkjenninga viss tilsette eller innleigde held tilbake i strid med denne loven.

(4) Ein person kan ikkje verte halde tilbake dersom det etter omstenda vil vere eit uforholdsmessig inngrep.

(5) Personar under 15 år bør ikkje haldast tilbake.